

Landets yngste oldboys?

06.07.2012



Dette er truleg det yngste oldboyslaget i landet! Frå venstre sit Vegard Døssland (18), Jørgen Nilsen Moberg (21), Thomas Myklebust (21), Torbjørn Steinsvik (18) og Tommy Eidsvik (35). Bak står frå høgre Gunnar Leite 8389, Tor Øystein Myklebust (26), Kristoffer P. Rød (22), Martin Hjelmeland (21), Joakim Sandnes (21) og Simen Raudstein (22),

Uskedalen har lenge hatt eit oldboyslag i fotball men aldri har det vore så ungt som no. Då uskedalen.no overvar treninga på Heio på torsdagskvelden og 11 spelarar møtte fram, var snittalderen nede i 24 år. Truleg er dette landets yngste oldboyslag!

Men frå ein dose spøk til ålvor: Dette er ikkje lenger eit oldboyslag, men eit mixlag der ein gjeng gutar møtast og har det triveleg saman uansett alder



[Heio har truleg aldri vore så velfrisert](#)

- Laget er bygd opp og har fått ekstra vind i segla i det siste via facebook, seier leiar Gunnar Leite som er 38 og dermed ein av dei eldste. Då laget flytta utomhus frå Aktivitetshuset møtte det 17 på Heio og på den neste treninga var det 15.

No tek ferietida å gjera seg gjeldande, men laget vil halda det gåande likevel, sterkt inspirert av framifrå treningstilhøve. Dei er det Steinar Haugland som sørger for med klypping to gonger i veka og Heiomatta har neppe vore så velfrisert nokon gong. Den inspirerar til fotballspel sjølv om ein aldri har vore utøvar av sporten!

- Reine Wembley, seier gutane som no trenar to gonger i veka 'fordi det er så kjekt'. Aldersspennet er no frå 18 til bortimot 50 og det er også spelarar frå Rosedal og Omvikdalen med.

No ventar dei berre på nokon også frå Herøysund. Italia og Polen har allereie vore representert!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen